



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Villakssenteret, Lærdal

Dato: 04.11.2024

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Orienteringssaker:

- Orientering frå SNO - Arbeid i 2024 og planlegging av 2025
- Drøfting av motorferdsel i verneområda
- Uttale til samfunnsplanen i Vik

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|----------------------------|--|---------------|--------------------------|
| ST 40/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 41/24 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 42/24 | Orienteringar og referatsaker | | |
| RS 24/24 | Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - utedo i Ljosdalen | 2022/11835 | |
| RS 25/24 | Høyringsuttale - Nærøyfjorden verneområdestyre - NOU 2024: 10 - ny motorferdselslov | 2021/1569 | |
| RS 26/24 | Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - detaljplan for rehabilitering av flaumvoll og utløpskanal ved Holmen kraftverk i Aurland kommune og Voss herad | 2023/197 | |
| RS 27/24 | Endring løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Aurland hjorteutval | 2023/12691 | |
| RS 28/24 | Søknad er trekt og løyvet fell bort - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Lægdene | 2023/12691 | |
| RS 29/24 | Sluttsynfaring - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skalmenes - gjenreising av uteløe | 2021/1808 | |
| RS 30/24 | Kontrakt - Felles kunnskapsinnhenting for Vestnorsk fjordlandskap | X | 2024/10530 |
| ST 43/24 | Nærøyfjorden landskapsvernombord - Brandset/Mjølfjell skyte- og øvingsfelt - skilting av grense - Forsvarsbygg | 2024/10071 | |
| ST 44/24 | Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2025 | 2024/15793 | |
| ST 45/24 | Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2025 | 2024/15667 | |

ST 40/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 41/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 42/24 Orienteringar og referatsaker
RS 24/24 Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - utedo i Ljosdalen
RS 25/24 Høyringsuttale - Nærøyfjorden verneområdestyre - NOU 2024: 10 - ny motorferdselslov
RS 26/24 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - detaljplan for rehabilitering av flaumvoll og utløpskanal ved Holmen kraftverk i Aurland kommune og Voss herad
RS 27/24 Endring løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Aurland hjorteutval
RS 28/24 Søknad er trekt og løyvet fell bort - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Lægdene
RS 29/24 Sluttsynfaring - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skalmenes - gjenreising av uteø
RS 30/24 Kontrakt - Felles kunnskapsinnhenting for Vestnorsk fjordlandskap



Arkivsaksnr: 2024/10071-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 28.10.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 43/24 | 04.11.2024 |

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Brandset/Mjølfjell skyte- og øvingsfelt - skilting av grense - Forsvarsbygg

Innstilling frå forvaltar


Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknaden frå Forsvarsbygg om løyve til skilting av grensa til Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3.1 og naturmangfaldslova § 48.

Saksopplysningar

Forsvarsbygg søker om løyve til merking av yttergrensa til Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt. Skyte- og øvingsfeltet ligg i Voss herad og Aurland kommune, og ein del av det går inn i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Om lag 11,1 km av yttergrensa til skyte- og øvingsfeltet er felles grense med Nærøyfjorden landskapsvernombord. Om lag 4,8 km av yttergrensa går gjennom landskapsvernombordet.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1. Kart henta frå søknaden. «Skytefeltgrense for Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt er markert med rosa linje. Yttergrensen til Nærøyfjorden landskapsvernområde (og Grånosmyran naturreservat) er markert med rød linje. Der yttergrensen for skyte- og øvingsfeltet og yttergrensen til landskapsområdet er felles er kun yttergrensen til landskapsvernområdet synlig på figuren. Trasen for merking av feltets yttergrense innenfor landskapsvernområdet er inntegnet som blå linje».

Forsvarsbygg forvaltar arealet og Forsvaret brukar området til skyting og anna øvingsverksemrd. Forsvaret har hatt verksemrd sidan 1931. Forsvaret har unntak etter verneforskrifta til å drive militær øving/trening innanfor området. Merking av grensa inngår ikkje som ein del av dette, og er dermed søknadspliktig.

Dokument i saka

- Mjølfjell og Brandset skyte og øvingsfelt - søknad om dispensasjon fra verneforskriften for Nærøyfjorden landskapsvernområde, datert 05.07.2024
- Søknad om dispensasjon fra verneforskriften til Nærøyfjorden landskapsvernområde - tilbakemelding på spørsmål i e-post av 14.8.2024, motteke 02.09.2024
- Uttale frå villreinnemnda, datert 28.08.2024
- Områdereguleringsplan for Mjølfjell- Brandsel skyte- og øvingsfelt, Voss kommune og Aurland kommune, 12.04.2019, planid 2012017
- Forsvarets Sikkerhetsbestemmelser for landmilitær virksomhet DU 2-1
- NOU 2024: 27 Forsvarets skyte og øvingsfelt
- Prop. 87 S 2023-2024 Forsvarsløft - for Norges trygghet



Søknaden

Forsvarsbygg skal av hensyn til sikkerhet merke den cirka 50 km lange yttergrensen til Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt. ... Der skyte- og øvingsfeltet har felles grense med landskapsvernombudet skal skiltene plasseres slik at de er like innenfor skyte- og øvingsfeltet. Der skyte- og øvingsfeltets yttergrense går gjennom landskapsvernombudet skal skiltene plasseres gjennom landskapsvernombudet langs skyte- og øvingsfeltets yttergrense. Yttergrensen er her ca. 4,8 km lang. ... Stolpene som skal benyttes er i aluminium, og er gule og røde (lengde tre meter og Ø60 mm). Skiltene er trekantformede, og lengden på hver av sidene er 35 cm. Skiltene er gule, og har inskripsjonen «Fare skytefelt». ...



Figur 2. Tegninger som viser hvordan stolper, skilt og bergfeste som skal benyttes til merking av yttergrensen til Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt ser ut.

Ved merking av yttergrense i skyte- og øvingsfelt er praksisen å plassere skiltene med cirka 50 meters mellomrom, eller med synlighet fra skilt til skilt. Fordi landskapet er åpent, uten tre- og busksjikt vil skiltavstanden bli lengre enn femti meter, men



likevel plasseres slik at man ser fra skilt til skilt. ... Plassering tilpasses terren og grunnforhold i felt. Ved fast grunn som fjell settes skilt/stolpe med bergfeste som bores og «gyses» fast. Ved skogbunn eller myr settes skilt ut i jordspyd. ... Ut fra ortofoto er landskapet et alpint fjellandskap. Grunnen består i for det meste av bart fjell. Skiltstolpene vil derfor i hovedsak bli festet med bergfeste og «gyses fast».

Stolper, skilt og utstyr nødvendig for montering av skiltene og personell skal transporteres inn med ATV. Eksisterende veger og kjørespør skal benyttes så langt det er mulig. Store områder er veiløse, og her vil det bli benyttet helikopter.

Forsvarsbygg gjev følgjande grunngjeving for søknaden:

Ved skyting med skarp ammunisjon kan det forekomme rikosjetter (prosjektil som berører bakken eller målet og deretter endrer retning). Slike rikosjetter kan ha lang rekkevidde. Av hensyn til sikkerhet er det derfor under skyting eller annen aktivitet ikke tillat med ferdsel i enten deler av skyte- og øvingsfeltet, eller hele feltet. Dette avhenger av bl.a. størrelsen på skyte- og øvingsfeltet.

I tillegg til skyting kan det også foregå annen aktivitet i skyte- og øvingsfelt som kan medføre risiko for skade. Som tidligere nevnt er den delen av Nærøyfjorden landskapsvernområde som ligger inne i skyte- og øvingsfeltet innenfor sikkerhetssonen for skytebaner i Rjoanddalen. Utstrekningen av landskapsvernombrådet strekker seg helt ned til skytebaner. Når det foregår skyting i denne delen av skytefeltet, kan det å oppholde seg her være forbundet med livsfare. Av hensyn til sikkerhet for folk som ferdes i området er det derfor nødvendig å merke yttergrensen til skyte- og øvingsfeltet.

På oppfølgingsspørsmål frå forvaltar om det er ny aktivitet eller nye reglar for merking av skytefelt som tilseier at det er større behov for merking no enn tidlegare, gjev Forsvarsbygg følgjande svar:

Skiltene er en markering av yttergrensen for skyte- og øvingsfeltet (SØF). Skilting er et viktig sikkerhetstiltak for å tydelig å gjøre allmennheten oppmerksom på hvor grensen for det militære øvingsområdet går, og at en må søke nærmere informasjon om aktiviteten før en tar seg inn i området.

Vi benytter fysisk skilting i terrenget slik at alle som ferdes i området skal bli oppmerksom på at en er i ferd med å gå inn i et potensielt farlig område. Vi har mange eksempler på nesteulykker som følge av at turgåere uvitende har kommet inn fareområdene. Brandset-Mjølfjell SØF har hatt lav aktivitet over tid, og Forsvarsbygg skal nå legge til rette for økt militær bruk som følge av vedtatt langtidsplan for forsvarssektoren (Prop. 87 S 2023-2024). Skiltingen i Brandset-Mjølfjell SØF er et viktig tiltak for at også dette feltet skal oppfylle same sikkerhetsstandard som øvrige SØF i Norge.

På spørsmål om det finnes alternative metodar for å informere om faren ved skytefeltet svarar Forsvarsbygg følgjande:

Pr. i dag er fysisk skilting eneste aktuelle metode for å markere grensen for skyte- og øvingsfelt (SØF). Det er riktig at områdene er åpne for allmenn ferdsel utenom militær



øving. Varsling av aktivitet, dvs. når og hvor Forsvaret øver, skal fremover skje gjennom egen nettside for skytefeltvarslel på Forsvarsbygg.no Det er her lagt opp til en abonnementsløsning slik at det gis melding når aktivitetsvarslelet oppdateres. Digitalt aktivitetsvarslel er et tiltak for å gi bedre forutsigbarhet og legge til rette for slik flerbruk på en trygg måte.

Det vil bli satt opp informasjonstavler ved veier og stier inn i feltet med kart, nettadresse og kontaktinformasjon. Ut over dette varsles skyteaktivitet med bommer, røde flagg eller lys senest 30 min før skyting starter. Vi gjør imidlertid oppmerksom på at Forsvarets øvingsaktivitet ut over skarpskyting kan innebære betydelig fare og derfor legges til skyte- og øvingsfeltene.

Geografisk SMS-varsling er pr. i dag ikke egnet da disse er unøyaktige, og det er svært varierende mobildekning i området.

Som fagmyndighet SØF-sikkerhet, anser vi at fysisk skilting av våre felter er påkrevet for ivaretakelse av allmennhetens sikkerhet.

På spørsmål om det er eit problem i dag at folk vandrar inn i området, og om den delen av øvingsområdet som er inne i landskapsvernombordet og langs vernegrensa er mykje brukt/planlagt brukt av forsvaret svarar Forsvarsbygg følgjande:

Med økende militær øvingsvirksomhet i felter hvor det tidligere har vært lav aktivitet, ser vi et økende antall hendelser med sivile i feltene. Problemet er størst i felt hvor skiltingen er dårlig, og må vi ta høyde for at ferdsl kan skje hvor som helst i terrenget og gjennom alle årstider. Oppføring av nye informasjonstavler ved stier og veier er en del av tiltaket, men ikke et alternativ til markering av grensen.

Et skyte- og øvingsfelt skal gi rom for en rekke ulike øvingsformål. Denne aktiviteten kan representerer en fare lagt ut over der hvor personellet fysisk befinner seg.

Eksempler på dette er rikosjettområder rundt feltskytebaner som kan strekke seg flere kilometer, slik at det reelle fareområdet kan strekke seg helt ut til feltgrensen, hvilket er tilfelle for den delen av landskapsvernombordet som er innenfor skyte- og øvingsfeltet.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområdet Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, Veildeder M106-2014

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2:

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».



Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, t.d. oppføring av anlegg og faste innretningar, jf verneforskrifta § 3.1. Skiltet blir søkt om er å rekne som faste innretningar. Skilt er ikke nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48
«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdslle, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Reglane er ikke til hinder for «Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.» Oppsett av skilt kan ikke reknast som militær øving. Motorferdsel knytt til transport og oppsett av skilt er dermed og søknadspliktig.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Uttalar til saka

Området er del av Raudafjell villreinområde, og det er henta inn uttale frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell. Villreinnemnda viser til at dette er eit relativt nytt villreinområde oppretta i 2019, med ein bestand som er sårbar for forstyrringar og nye tekniske inngrep. For villreinforvaltninga er det viktig at bestanden får tid og rom til å etablere seg, og nytte området gjennom heile året. Dei viser og til avgrensa med kunnskap om m.a. trekkpassasjer.

Villreinnemnda viser til Stortingsmeldinga om villrein (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*, der det står nokre avsnitt om forsvaret og villrein:

Dei avdelingane i Forsvaret som ferdast i område med villrein, er svært godt kjende med dei utfordringane villreinen har i dag. Forsvaret gjer tiltak, både under planlegginga og under gjennomføringa av øvingar, ut frå løpende informasjon om kvar villreinen står og bevegar seg.

Fordi kapasiteten til Forsvaret skal styrkast, er det målsetjingar om eit høgare aktivitetsnivå for å oppretthalde og styrke den operative evna. Ein kan derfor fram mot 2050 vente noko auka bruk av øvingsområda. Sjølv om eit høgare aktivitetsnivå kan få konsekvensar for miljøet, er det ein ambisjon å skape best mogleg øvingsutbytte samtidig som ein unngår store, negative konsekvensar for miljøet.

Forsvaret skal derfor innrette styrkjeproduksjon, øving og operativ verksemd slik at dei negative effektane på omgivnadene blir så små som mogleg. Det gjeld både for aktivitet på eigedommane til forsvarssektoren og under øving og operativ verksemd på andre eigedommar. Sjølv om dei nemnde aktivitetane i sektoren kan påverke villrein, gjer ein fleire bøtande tiltak for å skåne naturgrunnlaget generelt og villreinen



spesielt. Sektoren har i mange år jobba med å ta gode omsyn til natur før, under og etter trening og øving.

Villreinnemnda meiner at Forsvarsbygg sitt omfattande arbeid ikkje er i tråd med politikken skildra i Stortingsmeldinga, der det er eit mål å drive øvingsområda slik at villreinen ikkje blir skadelidande. Villreinnemnda skriv: «*Vi kan ikkje vite med hundre prosent sikkerheit om villreinen i Raudafjell vil bli påverka av dei «tusen stolpane», men det er all grunn til å bruke føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova her (§ 9). Vi kan heller ikkje sjå kvifor ikkje området til forsvaret kan sikrast for vidare drift med den merkinga og informasjonen som har vore til i dag. Ei løysing kan vere å utvide skiltinga og merkinga ved innfallsportane/hovudstiane inn i området.»*

Det har vore stort engasjement i denne saka. Verneområdestyret har fått innspel frå fleire grunneigarar og hytteigarar, Naturvernforbundet i Hordaland og Bergen og Hordaland turlag. Det som går igjen i alle innspela er at skilta vil vere eit uforholdsmessig stort og skjemmande landskapsinngrep som ikkje står i stil med sikkerheitsrisikoen. Fleire tek til orde for at det må gå an å nedskalere skiltinga, eventuelt konsentrere den til innfallsportane eller bruke alternative metodar for å varsle folk når det faktisk er aktivitet i området.


Vurdering

Påverknad på landskap og naturverdiar

Området der det blir søkt om å sette opp skilt er eit ope og inngrepsfritt høgfjellsområde. Mesteparten av skilta vil vere i eit område som er definert som villmarksprega natur (meir enn 5 km frå større naturinngrep) og resten av området definert som inngrepsfri natur (meir enn 1 km unna større naturinngrep), (figur 3). Dette er det einaste større inngrepsfrie området i Nærøyfjorden landskapsvernombude, og det er viktig å bevare området fri for større inngrep. Ei rekke med 3 meter høge signalfarga skilt med 50 meters mellomrom gjennom dette området vil medføre eit stort og synleg inngrep i landskapet. Skilta vil mellom anna gå gjennom Stordalen, som er ein open, myrlendt dal. Det går merka tursti og kvista vinterløype parallelt med grensa, ca 200 – 1000 meter frå grensa. Når du går på stien i området, ser du store deler av dalen. Med 50 meter avstand mellom stolpene vil du sjå ei lang rekke stolpar gjennom dalen, noko som vil påverke landskapets art og karakter sterkt.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3. Kart som viser korleis grensa til skytefeltet (rød stipla linje) går gjennom natur som er meir enn 1 km frå større naturinngrep (lysegrønt felt) og natur som er meir enn 5 km frå større naturuiingrep (mørkegrønt felt). Kartet viser og merka tursti (raud linje) og kvista vinterløype (blå linje).



Nærøyfjorden verneområdestyre

Det store engasjementet som har vore i saka etter at det vart satt opp skilt langs delar av grensa utanfor landskapsområdet, viser at det er mange som reagerer på landskapsinngrepet. Figur 4 viser bilde frå skilt som allereie er satt opp langs grensa utanfor landskapsvernombordet. Desse bilda gir ein ide om kor tett stolpane vil oppfattast å stå i eit slikt ope landskap.



Figur 4. Bilete frå Voss herad der det allereie er satt opp skilt langs grensa utanfor Nærøyfjorden landskapsvernombord.

Nær grensa der skilta er planlagt montert er det registrert ein del raudlista plantar og fuglar. Dette dreier seg om lappspurv, heilo, raudstilk, gauk, mykrapp, bekkesildre, raudsildre, dvergsoleie og reinrose (naturbase 22.10.2024). Det er ikkje forventa at planteartane vil ta skade av inngrepet. Det fysiske inngrepet i seg sjølv med skiltstolpar som i hovudsak skal gysast fast i fjell er lite. Grensa ligg ikkje langt frå Grånosmyrane naturreservat som er vernat for å ta vare på fuglelivet. Fuglane kan bli forstyrra i arbeidsperioden, men det er mogleg å unngå at dette blir ein stor belastning ved å legge arbeidet utanom hekketida.



Området er del av Raudafjell villreinområde. På kart er det merka av som både sommar-, haust- og vinterbeite for villreinen. Det er også merka av ei trekkrute gjennom området. Villreinnemnda uttalar at det er for stor risiko for negativ påverknad for villreinen. Forvaltar vurderer at kunnskapen om tiltaket sin påverknad på villrein er for dårlig, jf. nml § 8, og at føre-var prinsippet (nml § 9) derfor må vektleggast.

Skilt langs skytefeltsgrensa i nord er planlagt tett på verneområdet. Dette omfattar store deler av den nordlege grensa av skyte- og øvingsfeltet. Oppsett av desse skilta er ikke søknadspliktig etter verneforskrifta, men skilta vil få verknad på verneverdiane ved at det vil påverke landskapet sin karakter. Etter naturmangfaldslova § 49, skal omsyn til verneverdiane vektleggjast når det vert vurdert løyve til tiltak som grensar til eit verneområde; «*Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.*»

Vurdering etter § 48 i naturmangfaldlova

Etter § 48 i naturmangfaldlova må det vurderast om tiltaket strider mot formålet med vernet eller kan påverke verneverdiane nemneverdig. Nærøyfjorden landskapsvernombordet er verna for å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap med eit mangfaldig dyreliv. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter og påverke verneverdiane negativt. Etter forvaltar si vurdering vil det omsøkte tiltaket påverke landskapet og dermed verneverdiane i stor grad. Det må vurderast om det likevel kan gjevast løyve til tiltaket etter andre eller tredje alternativ i § 48: «...eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

For at tredje alternativ skal kunne vurderast må det vere *ein vesentlig samfunnsinteresse. I tillegg er det et vilkår at tiltaket er nødvendig. Med vesentlig samfunnsinteresse menes tungtveiende hensyn av nasjonal betydning.* Militær aktivitet i skytefeltet kan argumenterast for å vere av vesentleg samfunnsinteresse, men sjølvre merkinga handlar om sikkerheit og da er det § 48 andre alternativ som er mest aktuelt å vurdere.

I Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014 Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter står det følgjande:

2. alternativ: *Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkåret er oppfylt. Vilkåret er at det foreligger et sikkerhetshensyn. I tillegg er det et vilkår at tiltaket er nødvendig. Med sikkerhetshensyn siktes det blant annet til sikkerhet for liv og helse, smittsomme sykdommer fra dyr og sikkerhet mot omfattende og direkte skade på eiendom. I nødvendighetskriteriet ligger det at sikkerhetshensynene må være av kvalifisert art, og at det ikke er praktisk mulig å ivareta dem ved tiltak utenfor verneområdet eller ved tillatte eller mindre inngrpende tiltak innenfor verneområdet.*

I denne saka er det ikkje tvil om at det føreligg eit sikkerheitsomsyn, dette gjeld faktisk liv og helse. Spørsmålet er om tiltaket er nødvendig og om det er det rette tiltaket, eller om det er mogleg å ivareta sikkerheita ved mindre inngripande tiltak.



Vurdering av behovet for skiltinga

Forsvarsbygg meiner den omsøkte skiltinga er eit naudsynt sikringstiltak, men dei har ikkje vist til nasjonale reglar eller oppmodingar for skilting av heile skyte- og øvingsfeltet. I Forsvarets Sikkerhetsbestemmelser for landmilitær virksomhet DU 2-1 blir det stilt krav til skilting av blindgjengerfelt, ikkje yttergrenser av skyte- og øvingsfelt. Om ferdsel i skyte- og øvingsfelt står det: «Det skal overfor sivile bekjentgjøres gjennom merking/skilting/oppslag at all ferdsel skjer på eget ansvar innenfor merket område.» Det står ingen ting om omfanget av slik bekjentgjøring, eller kva type skilt som skal brukast. I områdereguleringsplanen står det at skytefeltets yttergrense stedvis er merka med «Militært øvingsfelt». Blindgjengerfelt blir merka med «Livsfare blindgjengere». Det står ikkje noko om planar for ytterlegare merking, anna enn at ein kan etablere midlertidig merking i spesielle situasjonar og innanfor avgrensa område.

I søknaden verkar det ikkje som om Forsvarsbygg tek omsyn til at skyte- og øvingsfeltet er delt opp i ulike soner med forskjellig risikonivå. Så vidt forvaltar kan vurdere verkar det som at faren i den delen som overlappar med landskapsvernombordet er liten, og det verkar meir hensiktsmessig å skilte med desse skilta ved grensa til dei sonene der det er reell fare.

I NOU 2024: 27 Forsvarets skyte og øvingsfelt er fleirbruk av skyte- og øvingsfelt omtalt. Der står det at ein i hovudsak vil kunne dele arealet i skyte- og øvingsfelt inn i tre hovudkategoriar:

- områder hvor Forsvaret alltid må ha eksklusiv bruk (blindgjengerfelt)
- områder hvor Forsvaret må ha eksklusiv bruk,
men bare så lenge øvelse pågår (skytebaner og innenfor sikkerhetssoner)
- områder hvor annen virksomhet kan pågå samtidig med Forsvarets bruk
(tørrøvingsområder hvor det ikke nyttes skarp ammunisjon)

Slik forvaltar tolkar områdereguleringsplanen for Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt, fell området som overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernombordet inn under tredje kategori, som eit tørrøvingsområde kor anna verksemd skal kunne pågå samtidig med forsvaret sin bruk.

Forsvarsbygg viser i søknaden til at verneområdet strekk seg heilt ned til skytebanene i Rjoanddalen, og at området ligg innanfor sikkerheitsona til skytebanene. Dette synes ikkje å stemme med dagens reguleringssplan. Ser vi på områdereguleringsplanen for skyte- og øvingsfeltet med tilhøyrande plankart ser vi at den delen av området som går inn i verneområdet er H720 (figur 5). Dette området er i reguleringssplanen omtalt slik:


H720 Båndlegging etter naturmangfoldloven

Området er del av Nærøyfjorden landskapsvernombordet og tillates bruk til militær øving/trening innenfor rammene av verneforskriften. Det tillates ikke nye tiltak eller andre inngrep i grunnen.

I følgje reguleringssplanen har forsvaret svært begrensa bruk av dette området.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 5: Kart fra områdereguleringsplanen.

Skytebanene, med sikringssoner ved skarpskyting, er begrensa til områda som i kartet er avmerka som MS1 og MS2. Verneområdet grensar så vidt forvaltar kan sjå, ikkje til skytebanene slik Forsvarsbygg skriv, men til området H350_3.

H350 Fareområde brann- og ekspløsionsfare: Områder med mulige ekspløsivrester (blindgjengere) er regulert med hensynsone fare og det er gitt bestemmelser om ferdsel og aktivitet i sonene. H350_3 er nedslagsfelt for langtrekkende våpensystemer og brukas også som øvingsområde for feltmessig trening (del av MS4).



Ser vi på topografien i området ligg skytefelta i to topografisk avgrensa U-forma dalføre; Brandset/ Bjørndalen og Mjølfjell/ Grodjuvet/ Rjoanddalen. Rundt desse skytefelta går terrenget bratt opp mot høgfjellet. Også mellom feltet H350_3 og verneområdet er det ein naturleg topografisk avgrensing med ein fjelltopp som skilje. Forsvarsbygg skriv at det er forbunde med livsfare å opphalde seg i området når det pågår skyting i skytefeltet i Rjoanddalen. Forvaltar får det ikkje til å stemme at denne faren strekker seg inn i verneområdet. Alle tilbakemeldingane me har fått frå dei som brukar området forstår heller ikkje korleis faren kan strekke seg så langt frå skyteområdet.

Forsvarsbygg viser til at Brandset og Mjølfjell skyte- og øvingsfelt har hatt låg aktivitet lenge, men at dei no skal legge til rette for auka militær bruk som følgje av den nye langtidsplanen for forsvarssektoren (Prop. 87 S 2023-2024). Forsvarsbygg viser til andre område der auka militær aktivitet har ført til aukande hendingar med sivile i felta og mange eksempel på nesten-ulykker. Forsvarsbygg svarar ikkje på kva den nye aktiviteten vil innebere i dette området, og det blir då vanskeleg å vurdere om den auka risikoen er så stor at den kan forsvare det omsøkte naturinngrepet. Dersom ny eller auka aktivitet medfører at det blir forbundet med større fare å opphalde seg i den delen av skyte- og øvingsfeltet som overlappar med landskapsvernombordet, lurer forvaltar på om det ikkje vil vere nødvendig med ein omregulering av området først?

I den nye langtidsplanen for forsvaret er også natur og miljø eit tema. Der står det at «Selv om forsvarssektorens aktivitetsnivå skal øke, skal belastningen på natur og miljø reduseres gjennom miljøbevisst planlegging og miljøtiltak.» Om villrein står det mellom anna: «Forsvarssektoren gjør avbøtende tiltak for villrein, og vil se til at hensynet til villrein implementeres i instruksene til relevante skytefelt og skytebaner».

I søknaden frå Forsvarsbygg er det brukt ein del generelle formuleringar som tydar på at skiltinga av grensene er noko dei ynskjer å gjennomføre for alle skyte- og øvingsfelt, utan at dei har gått grundig inn i behovet i kvart enkelt felt. I grunngjevinga for søknaden skriv dei mellom anna: «Av hensyn til sikkerhet er det derfor under skyting eller annen aktivitet ikke tillat med ferdsel i enten deler av skyte- og øvingsfeltet, eller hele feltet. Dette avhenger av bl.a. størrelsen på skyte- og øvingsfeltet.» Forsvarsbygg er tydelege på at når det ikkje er aktivitet, så skal området vere opent for allmenn ferdsel. I svara på oppfølgingsspørsmål til søknaden skriv dei m.a. «Vi kan derfor ikke angi nøyaktig antall skilte i verneområdet, da dette må tilpasses ut i fra stedlige forhold.» Dersom det skal vere aktuelt å gje løyve til eit så omfattande landskapsinngrep i eit verneområde meiner forvaltar at det er nødvendig å vurdere nettopp «dei stedlege forhold», og å vurdere behovet for inngrepet i nettopp dette skyte- og øvingsfeltet. Då er det ikkje nok å skrive at avstanden på 50 meter mellom skilta kan aukast i særlege tilfelle. Då burde plassering av kvart enkelt skilt avklarast ut i frå forhalda i felt og korleis ein kan oppnå best mogleg informasjon til besøkande med minst mogleg landskapsinngrep.

Eit viktig spørsmål i denne saka er om den planlagde skiltinga er den riktige/beste måten å sikre ålmenta på, jf. nml § 12. Skilta vil stå der heile tida, både når det er øving og når det ikkje er øving. Skilta vil dermed ikkje fortelje folk noko om det er farleg å gå der akkurat då. Det skilta skal fortelje folk er at det er eit skyte- og øvingsfelt her, og at ein må søke nærmare informasjon om aktiviteten før ein tek seg inn i området. Det ein då risikerer er at folk, spesielt dei som ferdast i området ofte, blir vant til skilta og ikkje vil bry seg seg særleg med dei.



Dei vil kunne oppleve at skilta ikkje varslar om reell fare. Spørsmålet blir då om skiltinga faktisk vil betre sikkerheita.

Jamfør rettleiaren for dispensasjon etter nml § 48 alternativ 2 (sikkerheitsomsyn) må det vurderast om sikkerheitsomsyna kan bli ivaretatt med tiltak utanfor verneområdet eller med mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet. Forvaltar vurderer at Forsvarsbygg ikkje har lagt fram gode nok vurderingar av alternativ som kan ha mindre innverknad på verneområda. Forsvarsbygg meiner at fysisk skilting er einaste aktuelle metode for å markere grensa for skyte- og øvingsfelt i dag. Geografisk SMS-varsling meiner dei mellom anna ikkje er nøyaktig nok, og at det er for dårleg mobildekning i området til at dette kan brukast. Dårleg mobildekning er derimot noko det er mogleg å gjere noko med og bør utgreiaast betre. Dei fleste som ikkje er kjent i eit område pleier å halde seg til stiar og løyper. Det er stort sett dei lokalkjende som går utanfor stiane og dei veit som regel kor grensa til skyte- og øvingsfeltet går. Dette går også an å markere tydeleg på kart ved innfallsportane og langs dei merka stiane. Det bør også vurderast om det nok med skilting av dei områda der faren er størst, og informere betre når det faktisk føregår farleg aktivitet, slik at ein unngår skilting inne i verneområdet. Det bør i det minste vurderast etter lokale forhold om skilting av yttergrensa til heile skyte- og øvingsfeltet kan gjennomførast med færre og mindre synlege skilt, hovudsakleg knytt til innfallsportane og område der folk ferdast.

Konklusjon

Påverknaden av den omsøkte skiltinga på landskapet vil vere stor, og vi veit i tillegg for lite om kva påverknaden på villrein vil vere. Det er ikkje vist til endringar i reguleringsplanen som tilseier endring av risikoen i den delen av skyte- og øvingsfeltet som overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernombjøde. I gjeldande plan er risikoområda avgrensa til skytefeltena (MS) og brann- og eksplosjonsfare (H350). Det er heller ikkje vist til kva auka militær aktivitet nasjonalt vil innebere for dette konkrete øvingsområdet. Mange av vurderingane synes å vere generelle, utan å ta omsyn til lokale forhald. Det er ikkje gjort forsøk på å tilpasse merkinga for å redusere påverknadane på landskapet. Forvaltar saknar eit tydelegare forsøk på å løse sikkerheitsaspektet ved hjelp av tiltak utanfor verneområdet, eller ved mindre inngripande tiltak innanfor og nær verneområdet, og meiner dette bør vere mogleg å få til (jf. rettleiar M106-2014, kap 7.4). Forvaltar vurderer at vilkåra for nødvendig tiltak av sikkerheitsomsyn ikkje er oppfylt, og vurderer at det på bakgrunn av tilgjengeleg informasjon ikkje er heimel til å gje løyve til det omsøkte tiltaket etter naturmangfaldslova § 48, 2. alternativ.



Arkivsaksnr: 2024/10071-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 21.10.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|----------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | | |

Nærøyfjorden landskapsvernombane - Brandset/Mjølfjell skyte- og øvingsfelt - skilting av grense - Forsvarsbygg

Innstilling frå forvaltar

Saksopplysningar

Vurdering



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**



Arkivsaksnr: 2024/15793-0

Sakshandsamar: Maria A. Underdal

Dato: 28.10.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 44/24 | 04.11.2024 |

Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2025

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2025 for å handsame saker i verneområdestyret og fylge opp tiltak i verneområda. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Møteplan 2025:

- Januar: Styremøte med nordområdet om forvaltningsplanen og felles kunnskapsinnehenting
- Februar: Styremøte med revidert tiltaksplan for 2025
- April: Styremøte
- Juni: 2-dagersmøte med overnatting og synfaring
- September: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- Oktober: Styremøte
- November/Desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2026

Driftsbudsjett 2025:

| Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2025 | |
|---|----------|
| | Budsjett |
| Driftsutgifter for styre og utval | |
| Møtegodtgjering for styret | 158 121 |
| Reisekostnadar styret og Rådgjevande utval | 22 000 |
| Møteutgifter (lokale, mat etc) | 33 800 |
| Drift av nettside - besøksforvaltning | 10 000 |
| Sum drift | 223 921 |



Utgifter i samband med planarbeid

| | |
|--|----------------|
| Revidering av forvaltningsplan, møte- og reisekostnadar | 20 000 |
| Vidareføring av felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk fjordlandskap | 300 000 |
| Sum planarbeid | 320 000 |
| Sum driftskostnadar | 543 921 |

Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen i januar 2025. Satsar for møtegodtgjersle vert oppdatert i januar i statens personalhandbok.

Saksopplysningar

I fylgje vedtekten, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Det har dei siste åra vore vanleg med 5-7 møter i Nærøyfjorden verneområdestyre, der dei fleste har vore med fysisk oppmøte, og eit har vore eit todagarsmøte med synfaring. I 2024 var det planlagt 6 styremøte, men det ligg ann til å bli 7 da det vart kalla inn til eit ekstra møte i oktober:

- 22. februar planleggingsmøte: 9 styresaker
- 04. april i samband med styresamling: 1 styresaker
- 13. mai på teams: 3 styresaker
- 24. juni i samband med synfaring: 3 styresaker
- 10. september i samband med dialogmøte med RU: 3 styresaker
- 24. oktober ekstramøte på teams: 1 styresak
- 4. november planleggingsmøte. 3 styresaker

I brev frå Miljødirektoratet datert den 13.11.2023 blir det informert om at verneområdestyra kan melde inn behov for midlar til drift av styret. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeiding av skjøtselsplanarar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar.

Vurdering

Møteplan

Forvaltar foreslår å legge opp til 7 styremøte i 2025, fordelt jamt utover året så me får behandla innkomne saker utan for lang ventetid. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i november/desember. I februar er det prioritering av tiltak etter at vi har fått midlane frå Miljødirektoratet, og i november/desember er det planlegging av tiltak før søknadsfristen for midlar til året etter. Verneområdestyret skal åleg ha eit dialogmøte med rådgjevande utval. Detter foreslår vi å gjennomføre i september. I 2025 føreslår me også eit styremøte der deler av møte er saman med verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde. Dette fordi me har eit felles prosjekt med forvaltningsplan og felles kunnskapsinnhenting i samband med den.



For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I juni foreslår vi eit to-dagarsmøte med synfaring. Dato og stad for møtene må styret bli einige om. Dato for møtet i januar bør fastsettast på dette møtet, og resterande datoar på møtet i januar.

Planarbeid

Arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap starta opp allereie i 2019, men stoppa opp først på grunn av mangel på personalressursar og deretter på grunn av usikkerheit rundt nye føringar om korleis arbeidet skal gjennomførast. I 2024 har arbeidet knytt til forvaltningsplan i hovudsak handla om kunnskapsinnhenting og møter om korleis arbeidet skal struktureraast vidare.

Vi fekk midlar til eit fellesprosjekt for heile Vestnorsk fjordlandskap der det no er skrevet konktakt med Miljøfaglig utredning om kunnskapsinnhenting. Dette skal gjennomførast i 2024 og 2025. Det er allereie klart at midlane som ligg i dette prosjektet no langt frå er nok for å få dekt kartleggingsbehovet me har i samband med ny felles forvaltningsplan. I prosjektet er det lagt inn ein opsjon om utviding av prosjektet med inntil 400 000 viss vi får meir midlar i 2025. Forvaltarane foreslår at vi saman med dei tre samarbeidspartane søker om denne summen totalt i 2025. I tillegg foreslår vi å søke om midlar til eit nytt fellesprosjekt der ein ser på spørsmål som er meir knytt til samfunnsutviklinga og ein tålegrenseanalyse for Vestnorsk fjordlandskap. Detaljane rundt dette og endeleg sum må avklarast i prosjektgruppa i løpet av hausten.

Drift av styret

Nærøyfjorden verneområdestyre fekk 415 000 kr til drift i 2024, der 215 000 gjekk til drift av styret og 200 000 til felles kunnskapsinnhenting for Vestnorsk fjordlandskap. Me søker om noko meir til drift av styret i 2025 da det er lagt inn eit større møte for å samkøyre vernområdestyra i dei to delområde for Vestnorsk fjordlandskap. Summen for drift av styret vil sannsynlegvis bli justert litt opp når vi får dei nye satsane for møtegodtgjering i januar 2025.

Grunnstøtte

2024 var første året det vart gitt grunnstøtte til drift i samband med besøksforvaltning. I 2024 var denne på 100 000 kr. Viss det blir lagt inn midlar i budsjettet til dette også i 2025, vil vi nytte dette til drift av høgt besøkte område.



Arkivsaksnr: 2024/15667-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 28.10.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 45/24 | 04.11.2024 |

Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2025

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre vedtek tiltaksplan og innspel til SNO om ressursar for 2025. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen januar 2025.

| Tiltaksplan Nærøyfjorden 2025, prioritert rekkefylgje | |
|---|----------------|
| Kort omtale av tiltak | Budsjett |
| Skjøtsel av kulturlandskap | |
| Styvi-Holmo | 320 000 |
| Stigen | 103 000 |
| Stokko | 90 000 |
| Stalheimskleiva | 40 000 |
| Øvste Stigen | 18 000 |
| Nedbergo | 50 000 |
| Skogane | 15 910 |
| Jeiskali og sti | 21 500 |
| Fronnes | 10 320 |
| Nåli | 60 000 |
| Delfinansiering båt og kai, skjøtselsarbeid Styvi, Dyrdal og Stigen | ? |
| Nordheimsdalen, framande artar i sør | 5 440 |
| Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei | 21 760 |
| Sum skjøtsel av kulturlandskap | 755 930 |
| Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar | |
| Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig. | 50 000 |
| Rimstigen, årlig | 25 800 |



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

| | |
|--|------------------|
| Stiar Fresvik, årlig | 21 500 |
| Undredal - Stokko, årlig | 9 600 |
| Underdal - Hovdungo, årlig | 9 600 |
| Stigakaien - Stigen - Beitelen, årlig | 13 760 |
| Vassete - Breiskrednosi - rydda gamal sti | 50 000 |
| Odnesfossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti | 30 000 |
| Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal, årleg. | 14 400 |
| Grøfter gamle Bakkaveg, årlig | 20 000 |
| Sti Sivle - Nåli, ny | 9 600 |
| Restaurering sti Tundalen, Fresvik, ny | 50 000 |
| Sti Nedbergo, ny | 9 600 |
| Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar | 313 860 |
| Tilrettelegging og informasjonstiltak | |
| Delfinansiering miljøpatrulje | 200 000 |
| Nye utedoar | 160 000 |
| Møte med reiseliv og turoperatørar | 30 000 |
| Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka | 40 000 |
| Delfinansiering av nytt infopunkt i Aurland sentrum | 30 000 |
| Delfinansiering info/rastepllass i Slettedalen | 30 000 |
| Delfinansiering av andre skilt/innfallsportar | 50 000 |
| Sum tilrettelegging og informasjonstiltak | 540 000 |
| Sum tiltaksmidlar totalt | 1 609 790 |

Innspel til SNO om ressursar i 2025

Tilrettelegging

Sette opp mindre temaskilt på ilandstigingsplassane langs fjordane

Fylgje opp merking av sti Fossbakken til Breiskrednosi og tilsyn sti til Vassete. Flytte skilt på Vassete

Fylgje opp ny plassering av utedo på Hjølmo

Ferdselsteljar Nåli og Postvegen

Skjøtsel

Oppfølging skjøtsel

Fjerna rynkerose på Fronnes og indre Frønningen

Fjerne platanlønn på Stokko

Bevaringsmål

Overvake og fjerne gran og platanlønn i Nærøydalen og Stalheim

Tilsyn og kontroll

Fylgje opp dispensasjonssaker

Tilsyn og oppfølging med rastepllassar og utedoar langs fjorden. Fjerne bålpllassar som det ikkje er gitt løyve til

Fartskontroll i Nærøyfjorden

Byte ut gamle verneskilt



Sjå etter kulturminne ved smelting av Syrdalsbreen og Fresvikbreen

Kartlegge urvalmue i Bleia + prøvetaking av urvalmue

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024. *Miljødirektoratet 13.11.2023*
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Rapport nr. 1-2008

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyrringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjengenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknyting til verneområde.

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvalningsmynde sin eigen regi, evt. til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsystem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparkar i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltingstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*



Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2025 på bakgrunn av forvaltningsplan, skjøtselsplanar, besøksstrategi og kommunikasjonsplan. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialogmøte med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval, og evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2024. Styret må prioritera tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I planleggingsmøte med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvakning av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og bestilling av SNO-ressursar til Miljødirektoratet er januar 2025.

Vurdering

Skjøtsel av kulturlandskap

I Nærøyfjorden landskapsvernombordet er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet ein av dei største truslane mot verneverdiane. Oppfylging av område med skjøtselsplan har høg prioritert, og det er trong for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane. I tråd med føringane frå Miljødirektoratet foreslår forvaltar at skjøtsel av område der skjøtselstiltak allereie er igangsett blir prioritert høgt. I tillegg bør tiltak som direkte motverkar truslar som gjengroing prioritert høgt, spesielt der trua naturtypar blir ramma. Trua naturtypar som er registrert i verneområda i Nærøyfjordområdet er i hovudsak semi-naturleg eng (sårbar), der noko er urterik slåttemark (kritisk truet).

Forvaltar foreslår å fortsette å prioritere kulturlandskapa på Styvi, Stigen – Stokko – Undredal, Nedbergo, Dyrdal, Fronnes og Stalheimskleiva på omtrent same nivå som i 2024. I tillegg meiner forvaltar at restaureringsarbeidet på husmannsplassen Nåli bør halda fram. Restaureringsarbeidet på Nåli kom godt i gang i 2024. Områda som er valt ut er i tråd med prioriteringane i forvaltningsplanen.

Kulturlandskapet på Styvi vert halde i god stand gjennom beiting og slått av grunneigar på Styvi. Det er eit omfattande arbeid som vert lagt ned, ikkje minst med frakting av sau til Styvi og Dyrdal, og også til transport til Stigen som har sauer på beite. Mykje av driftsmidlane knytt til denne drifta må no fornyast og oppgraderast. Dette gjeld mellom anna båten til frakt av sauer, tre kaianlegg langs innmarka, og gjerde og grinder. For å bevare kulturlandskapet er det naudsynt å halda fram med skjøtsel. Det er ein stor fordel at grunneigar har aktiv landbruksdrift i området, og med ei tradisjonell og ekstensiv landbruksdrift som ivaretake det spesielle kulturlandskapet. Det vil vera trond for auka midlar til investering, og til arbeidsinnsats.

Etter gjennomført basiskartlegging i Nordheimsdalen har vi fått kunnskap om framande artar som bør fjernast der, samt skjøtselsråd om å søke å oppretthalde området med boreal hei rundt stølen i Nordheimsdalen. Sjølv om Nordheimsdalen hovudsakleg er verna for å ta vare på den gamle furuskogen, har det også ein verdi å bevare ein rest av det tidlegare kulturlandskapet i området. Dette var eit tiltak som også var med i tiltaksplanen for 2024,



men vart prioritert ned på grunn av mangel på midlar. Forvaltar føreslår å sette opp att tiltaket i 2025.

Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar

Forvaltar foreslår å fortsette dei avtalane vi har hatt med grunneigarar og grendalag om skjøtsel av stiar og vear i Dyrdal, på Bakka, i Undredal, på Stigen, til Beitelen, i Fresvik og langs postvegen omtrent på same nivå som tidlegare. Dette er stiar som treng årleg vedlikehald. Vi har i tillegg lagt inn stien til Nåli og Nedbergo som også treng årleg vedlikehald.

På stien mellom Vassete og Breiskrednosi er det stor slitasje på enkelte punkt, og behov for tiltak. I tillegg er det planlagt omlegging av stien til ein gamal trase, for å unngå den store slitasjen i bratt terreng opp frå Vassete. Dette er tenkt som eittårige tiltak og ikkje årleg skjøtsel.

Buførestien i Tundalen i Fresvik har bruk for restaurering og utbetring på nokre punkt. Dette er eit viktig kulturminne, og er ein buføresti som framleis vert nytta til buføring av sau heim frå stølen Fresvikjordalen til Fresvik. Grunneigarlaget vil søkja om tilskot frå Vestland fylkeskommune til kultminne i verdsarven. I tillegg har dei stilt spørsmål til verneområdeforvaltinga styret om delfinansiering av tiltaket. Forvaltar meiner det vil vera eit godt tiltak å bruka tiltaksmidlar på denne stien, både for å få beitedyr inn i området, og for å ta vare på eit viktig kulturminne.

På stien som tek av frå postvegen og går opp til Odnesfossen er det stor slitasje. Bakken består stort sett av lausmassar og det er vanskeleg å få til god tilrettelegging der stien går i dag. Forvaltar og grunneigar har sett på ein løysing for å legge om stien. Dette vil det bli jobba vidare med i 2025, og vi foreslår å sette av ein del midlar til enkel tilrettelegging av ny sti.

Tilrettelegging og informasjonstiltak

Forvaltarane vil i 2025 fortsette å samarbeide med Nærøyfjorden Verdsarvpark om tilrettelegging på innfallsportar med infrastruktur og refoliering og oppsett av nye skilt i verdsarvområdet. Skiltarbeidet blir hovudsakleg finansiert gjennom eit prospekt i Verdsarvparken, og infrastruktur er ofte større prospekt der kommunen står for hovuddelen av finansieringa. Vi har lagt opp til å vere med å delfinansiere ein del av dette arbeidet. Av større prospekt i 2025 er innfallsport til Bakkanosi i Slettedalen. Her er det planlagt nytt startpunkt med informasjon, toalett og rastepllass for turgåarar som skal til Bakkanosi. Denne plassen er planlagt for å unngå at turgåarar brukar stølen i Slettedalen som rastepllass, og forsøplar kring stølshusa. Forvaltar føreslår at verneområdestyret er med å delfinansiere det nye startpunktet. Vi foreslår og å legge inn ein sum til delfinansiering av nytt informasjonspunkt i Aurland sentrum, i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark og lokalt næringsliv.

I 2023 starta vi eit arbeid med betre tilrettelegging på ilandstigningsplassar langs fjordane. Det har blitt sett i gang tilrettelegging på fem plassar langs Nærøyfjorden (Holmo, Odnes, Inste Holmaviki, Skalmenes og Klungrenes). Tilrettelegginga består av enkel oppmurt bålpllass med rist, med enkle trebenkar rundt, samt skilt med informasjon. I tillegg har det blitt satt opp ein ny komposteringsutedo på Odnes, og starta arbeidet med ein til tilsvarande do. Desse tiltaka skal evaluerast i løpet av hausten. Erfaringa så langt er at talet besökande har



auka denne sommaren, og behovet for tilrettelegging, spesielt med doar, er stort. Forvaltar foreslår derfor å sette av midlar til ytterlegare tilrettelegging og bygging av to nye utedoar i 2025.

I tillegg foreslår vi å samarbeide med Nærøyfjorden Verdsarvpark (og kanskje lokalt næringsliv) om ei miljøpatrulje som skal fylge opp område med høgt besøkstrykk. Planen er å engasjere to personar i sommarsesongen, som mellom anna vil arbeida med skjøtsel av stiar, tilsyn med utedoar, og informasjonstiltak for å styre turisttrafikken.

Som ein del av besøksforvaltninga ynskjer styret å få til årlege møter med viktige aktørar i reiselivet og turoperatørar i området. Vi foreslår å sette av midlar til å arrangere eit slikt møte i 2025.

Utrekning av summar til skjøtsel i tiltaksplanen

Tiltaksmidlar til grunneigarar blir rekna ut i frå ein grunnsats. Vi kjem med framlegg om å auka denne frå 400 kr/time til 430 kr/time. Dersom slåttemarka er kartlagt som naturtype urterik slåttemark (A, B eller C verdi), reknar 4 timer pr. daa, og 3 timer pr. daa for anna slåttemark. Det er då krav om at området skal rakast etter at det er slått. Det er rekna 1 time pr. daa for beitepussing. For Styvi og Stigen, som er avhengig av omfattande båttransport av sau til beite, dekkar vi 50 % av fraktkostnadane ved transport av sau og slåtteutstyr til Styvi/Stigen.

Kartlegging og overvaking i regi av SNO

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet. Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og eventuelle nye dispensasjonar i 2025. I tillegg vert det bestilt SNO-ressursar til etablering og vedlikehald/tilsyn med rastepplassane langs fjorden, og til registrering av installasjonar på bygningar i verneområdet. Oppdrag til SNO vert lagt inn i det elektroniske datasystemet Naturopdrag.